Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36. Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Bjerkreim

Emne: Helsing, fakter og åtferd Bygdelag: Øvre bygdi

Oppskr. av: Torvald Austrumdal Gard: Austrumdal

(adresse): Vikeså G.nr. 22 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja vert úttrykt ved eit nikk med hovudet, nei ved eit kasligt vrikk med hovudet til sida.
2. Frå gamalt av hev nisen vore slik at alle dei brefte på vegen helsa dei på. Var det og er det på ein stad der mange mennesk er samla, helsa ~~helsa~~ ingen på andre enn kjennsfolk.
3. Skikken hev vore og er at når framande eller kjende kom til gards eller råka på folk, som var på ein stad i arbeid eller liknande, da skal den som kjem helsa fyrst. Råka folk på ein annan t. d. på ein veg, der dei kjem tilmote, då hev båe same rett til å helsa fyrst.
4. Dei sa: „God dag", „God kveld", „God morgen" „God natt"
Dei sa ikkje meir, eller gjorde meir, som hadde noko med helsingi å gjera.
5. Bygdefolk helser ikkje på einannan ved å lyfta på hatten, det er berre presten dei helsar på på denne måten. Elles er helsinga ikkj både til framande og kjende

7613

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6. Dette er ukjennt
7. nei
8. Det hev vore gamal regel at folk ~~helste~~ handhelste på einannan når dei møttest ved kyrkja eller andre samkomor. Er det kjenningar, som hev vore frå einannan i lenger tid, handhelsar dei når dei møtes. Det er ikkje nokon regel, at større og mindre born handhelsar, men det fyrekjem.
9. Dette er ingen regel, men det fyrekjem av og til.
10. I mit distrikt er det uvåd å høyra noko kyrkjeklokkeringing.
11. Det høyrer med til gamal sed, at når ein møtte likferd skulde ein stogga anten anten ein køyrde eller gjekk, ta av seg det ein hadde på hovudet og venta til ferdi var drege framum. Ved møte med brudefylgje stansar dei og, og syner nyrdnad
12. Dette er ukjennt.
13. Noko klokkeslett er det uvåd å setja for dei ymse helsingar. Dette fekk kvar for seg, ved skyn fastsetja
14. Nei, men dei rister på hovudet og dreg på smilen.
15. Ei gjente, som hadde budt i „byen" ei tid, kom inn på ein gard og helste „gomoren", endå det var midt på dagen. „På svara kona: „Me er 'kje frå byen, me."
16. Det er mindre „nøye" med dette no, enn for ein mannsalder sidan
17. Denne meir høgtidlege helsingi høyrer ikkje med til det vanlege, men

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
7613

hev vore og er nytta.

18. Ved „Guds fred“ er svaret: „Takk og deg det same“. „Signe arbeidet“ eller strevet: „Takk“, og so kann dei gjerne med ein liten skalkut smil leggja til: „og velkomen til“. Kjem nokon inn medan huslyden sit og fær seg mat, segjer den framande: „Signe maten“. Til dette vert det svara: „Takk“, og meiner dei att den framande kunde trengja noko mat, so segjer dei: „og berre ver gild og set deg hit til bordet“

19. Um gjesten hev vorte motteken ute på tunet, helsar han altid på dei som inne er, når han kjem inn.

20. Dei som vil tala med husfaren eller ein annan av huslyden, spurde gjerne: „Kann eg få tala med deg under 4 augo“?, so vert det gjerne sagt: „Jau det må du vera råd med. Me lyt finna oss ein stad der me er åleine då.“

21. Frå gamalt av er det ikkje vanlegt i grannelaget. Var det på framande stader, hev det so vidt me veit, vore skikk å banka på. I seinare tider er det vanlegt å banka på fyrr ein går inn, ogso i heimegrendi.

22. Dei som er inne svara: „Kom inn“, eller dei opnar döri og segjer det same. Den framande vil gjerne ikkje inn, då det er eit snöggerind han hev Dette vert då avgjordt utan for döri.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Steig han inn, so helsar han sjölvsagt, og dei som er inne helsar att, og anten set fram ein stol eller ber den framande setja seg.

23-24. Mannfolk tok av seg det dei hadde på hovudet, med det same dei steig inn.

25. Det er so mange slags folk som kann koma inn på ein gard, og i gamle dagar var det og annarleis
26 enn no. Grannefolk kom gjerne inn ei kveldstund, „for å vera med i radlet".
27 Andre hadde eit eller anna erind, og dette sa dei fram strakst. Eller det var meir langvegsfarande folk som vilde vera
28 i huset yver natti. Noko skildnad på helsingi for kjende og meir framande kjenner me ikkje til.

29. Dei vart tekne i handi og det vart gjerne sagt: „Det var riktigt gildt å sjå dokke atte".

30. Dei sa: „farvel" eller „lev vel": og dette var „gjensidigt" frå båe sidor.

31. a) Attåt vanlegt velfar. vart gjerne den som reiste mint um fårorne som kanske vilde möta han, og at han (ho) måtte sjå seg fyre.

b. Det er ikkje godt å vita kva tid medmenneskje ser einannan for siste gang, men er det avgjordt at dei ikkje vil möta einannan meir i dette livet, so vert det gjerne uttalt eit ynskje frå båe kantar um å mötast der det ikkje finnst skildnad meir, og der alle er sæle.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Frå og med 32. og til og med 38, er dit det spörst um her heilt ukjennt.

39. Å byta nos med småborn er vel kjennt her. Det vert gjerne sagt: „Skal me byta nos?" Og dersom barnet svara ja. so lyftes din vaksne barnet upp so nasetipparne so vidt kjem innpå ein annan. Og so segjer gjerne din vaksne: „No hev du fenge din store nasen min, du skulde sjå korleis du ser ut". Barnet kjenner då på nasen sin og finn ut at han er for stor, og so er dit å byta unnatt.

40. Det er berre foreldre og syskin som leikar seg slik med barnet.

41–42–43. Eg veit beintfram ikkje kva eg skal svara på desse spursmali. Når dit gjeld ditte, som me her nemner „dost med bodna", so er dit i massevis av slikt her, men det ymsar frå tid til tid, frå gard til gard, ja sume tider frå hus til hus. Ein ting er sikkert, og dit er at ytre kjærteikn både millom foreldre og born og millom vaksne er svært sparsomme her.

44. Frå gamalt av er uttrykket „til lukka" lite eller kanske ikkje brukt. I seinare tid er dit mykje brukt. Når dit er kome småfolk til huset vert foreldrene av slekt og venner ynskt at „dei må hava lukka med det litla". Og nemner me komfirmantar, so er dit no „so oppå bakkjen me lukkynsjingja". Brudeparet vert no yverleste med „til lukka", eller

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„gratulerer".

45. „God jol og godt nyttår". „Godt påski" og „God pinsti"

46. „Det var vondt for dokke å mössa kü mor. Men kor ska me arme menneskje av? Når döen kjeme, så kjeme an" „Me tykkje hjerteleg synd i dokke så he möst den snille gütten". o. l.
Ved motgang vert det på fleire måtar synt medkjennsla.

47. 48. Noko seers form for takking ved död og annan motgang. Kjenner ein ikkje til.
48. Ved gravferderne fyrr i tidi var det lite formler. Vegen til gravstaden var svært lang, og transportvilkori elendige. Det meste av gravölet gjekk med til denne likferda. I seinare tider er gravferdskikkarne svært forandra. No vert liket fört til kyrkja og mange folk möter fram av seg sjölv. Det vert lagt med kransar og halde talor. Ein av den avlidne si ætt takkar so for medkjensla
49. Det vert gjordt med eit kvasligt (?) snidugradsligt kast med hovüdet.

50. Kjennsfolk vert altid tiltala med „dü". Framande vert nok helst tiltala med „De"

51. Nei.

Samnelista 35. „Um brygging av öl" hev eg ikkje gjordt noko med, då både medteiknaren og andre eg hev tala med veit lite.
T. A.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7613